



Handlingsplan for

Framlegg til årsmøte, 21/1-2023

1. Organisering og rekruttering:

-Hardanger Kor-Akademi er medlem av Norges kirkesangforbund. Ved å vere organisert i ein kororganisasjon, står Hardanger Kor-Akademi i ein større samanheng, og kjem også inn under særavtalar som kororganisasjonar har når det gjeld TONO, momskompensasjon med meir. Og vi er som medlemmer aktivt med og støttar det kulturpolitiske arbeidet som kororganisasjonane gjer for korsongen.

-Hardanger Kor-Akademi skal vere eit akademi der både dirigentar og vanlege songarar saman kan hente lærdom som dei kan ta med attende til lokalmiljøa sine og dele med lokale kor og songarar der.

Hardanger Kor-Akademi vil samarbeide med folkehøgskular og andre kursarrangørar for korhelgene, dersom mogeleg.

-Hardanger Kor-Akademi vil framleis rekruttere nye songarar til korakademiet, og sender invitasjon og info om Hardanger Kor-Akademi både her regionalt til kommunane i Hardanger, til Voss og omegn- og også ut til heile Bjørgvin via Bjørgvin Kirkesangforbund

2. Økonomi

-Hardanger Kor-Akademi må framleis leite etter nye løysingar som kan kompensere for bortfallet av kortkursordninga via folkehøgskulesystemet.

-Hardanger Kor-Akademi vil søkje om stønad frå Hardangerrådet, Sparebanken Vest og andre.



Handlingsplan for

-Hardanger Kor-Akademi skal vidare gjere ein innsats for å finne andre støtteordningar, ulike sponsorar, og ein hovudsponsor.

-Hardanger Kor-Akademi vil søkje på Aktivitetsmidlar for kor, kulturmidlar og sponsormidlar lokalt der konserten vert arrangert, med meir. Og Hardanger Kor-Akademi skal leggje vinn på å finne sponsorar til konsertannonsene.

3. Kurs

I 2023 arrangerer Hardanger Kor-Akademi 5 opne korseminar; 20-22.januar, 17-19.mars, 2-4.juni, 15-17.september og 17-19.november.

Fast instruktør for Hardanger Kor-Akademi og på kursa er dirigent Per Oddvar Hildre.

4. Konsertar

22.januar: konsertprosjektet «Nyttårskonsert med ekko av jul» saman med musikarane Stewart Barry-bass, Arild B.Nielsen-trompet og Per Arild Skorgen-piano.Konsert i Norheimsund kyrkje.

4.juni: Enkel allsongkonsert på Voss eller Ulvik?

17-19.november: Konserthelg?

Hardanger Kor-Akademi vil arbeide for medverknad i høve viktige markeringar i Hardanger og ved festivalar.

Hardanger Kor-Akademi vil arbeide for konsertprosjekt i samanheng med festspela i Bergen eller andre festivalar 2024 eller 2025.

5. Korturar



Handlingsplan for

I korvedtektene heiter det mellom anna at:

”Hardanger Kor-Akademi vil profilere Hardanger med konsertar både i og utanfor regionen.”

Førebels har Hardanger Kor-Akademi vore aktivt i Hardanger, Voss, Sunnhordland, Norhordland, Bergen og nær omegn pluss
- ein flott kortur til New Orleans i 2016.

- tur til Europa i 2018, nærare bestemt Ørsta, Spjelkavik og Volda.

- ei gruppe frå korakademiet deltok på Olavsdagene i fellesprosjekt sommaren 2019

-10års-jubileumsturen i 2019, gjekk til Roma 13.-17.oktober.

Hardanger Kor-Akademi vil arbeide for kortur i 2023 eller lenger fram.

6. Web-side

Hardanger Kor-Akademi har si eiga web-side:

www.hardangerkoret.no som i løpet av våren 2023 endrar namn til www.hardangerkorakademi.no . Vi ønskjer å bruke denne sida aktivt, slik at ho kan vere ein viktig arena for koret. Notar og andre fellesdokument vert lagra på Dropbox. Koret nyttar også korappen ChoirMate. Og koret har ei enkel Facebookside.

7. Logo

Hardanger Kor-Akademi brukar kunstnaren Arne Bakke Mælen sitt tresnitt ”Korferd i Hardanger” som logo.